

## **SAKER TIL STYREMØTET I MRGL 29. MARS KL. 20:00.**

### **Sak 1. Generelle møteoppgåver.**

#### **Vedtak:**

*Atle leier møta. Maren-Ann skriv møtereferat. Møtereferata vert sendt styret med 2 dagars frist for merknader. Deretter vert det utlagt på heimesida. Leiaren har ansvar for fristar, rapportering og innmelding til NSG. Om ikkje anna er avtala ekspederar sekretæren alle andre saker.*

### **Sak 2. Fordeling av oppgåver og ansvar mellom MRGL og dei lokale gjetarhundlaga.**

Per i dag har vi i Møre og Romsdal 4 lokale gjetarhundlag og med fylkesgjetarhund-laget som overbygging. Organisasjonsmessig er vi underlagt NSG og fylkeslaget av sau og geit. Det er viktig å ha avklara ansvar og arbeidsoppgåver. MRGL må ikkje fungere som "eit femte lokallag" med eigne aktivitetar lokalt.

#### **Vedtak:**

*Lokallaga arbeider i samsvar med vedtektene sine og er ansvarlege for arbeidsoppgåvene og økonomien i alle sine tilskipingar og for eigne tillitsfolk, instruktørar og dommarar der dei representerar. Ved større arrangement kan det vere naturleg at 2 eller fleire lokallag samarbeider.*

*MRGL samordnar lokallagsarbeidet, er bindelekkjen til Sau og Geit, og støttar opp organisasjonsmessig om lokallaga har trong om det. Fylkesgjetarhundlaget syter for kostnadane med vandrepremiane til fylkesmeister og unghundcupen.*

### **Sak 3. Gjennomgang av aktivitetsplanen for 2016.**

#### **Vedtak:**

I høve til framlagd aktivitetsplan under "Prøver" på årsmøtet er det fylgjande endringar:

29.05.2016: Klasse 1, 2 og 3 på Stette. MMG. (flytta frå 21.05.)

04.06.2016: Klasse 1 og 3. Follestaddalen. VSG.

05.06.2016: Klasse 2 og 3. Follestaddalen. VSG.

17.09.2016: Landsprøve i Stryn. Samarbeid mellom Nordfjord gjetarhundlag og VSG

18.09.2016: Landsprøve i Stryn.

22.10.2016: Finale norgesserien. Sæbø. VSG.

23.10.2016: Finale norgesserien.

#### **Sak 4. Teljande prøver til unghundcupen.**

**Vedtak:**

*3 av 4 prøver er teljande og etter tidlegare poenggjeving. Følgjande prøver er med:*

*29.5. MMG, Stette.*

*21.8. ISG, Haugset.*

*28.8. NMG, Batnfjorden.*

*1.10. MMG, Gjermundnes.*

#### **Sak 5. Teljande prøver for NM-uttak 2016.**

Sakstilfang: "Regler for gjeterhundprøver", pkt. 5 Prøveregler for klasse III, spesielt b) og d).

Det NM-deltakarane møter er altså hent med vanskegrad "på internasjonalt nivå", og med kryssdriving på "minimum 400 m".

Det er ein fordel å kunne kvalifisere for NM-uttak på prøver som ligg så nær NM-krava som praktisk mogeleg. Det kan vere krevjande i eit fylke som vårt. Å arrangere prøver om sommaren på treningsdyr, og kanskje ikkje ha plass til anna enn minsteavstandar for kl II, er ikkje føremålstenleg.

Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er i år tildelt ei landsprøve i samarbeid. FM bør ha areal til ei krevjande prøve.

**Vedtak:**

*Norgesserieprøver den 17. og 18. september vert saman med FM den 2. oktober teljande for NM-uttak 2016. Fylkesmeisteren er direkte kvalifisert. Tidlegare 15-til-0-system gjeld også rangeringa mellom deltakarane innan fylket under norgesserieprøvene.*

#### **Sak 6. Høyring Norsk Nursery.**

Siste året sprengde tal påmelde det som var praktisk gjennomførleg. Ei avgrensing, kvalifiseringsopplegg eller utviding er vurdert å måtte innførast.

**Vedtak:**

*Møre og Romsdal går inn for alt. d) - ein arena over 2 dagar og med finale. Påmelde hundar må ha greidd godkjend kl III og takle godt momenta deling og singling. Vårt fylke kan ha 3-5 ekvipasjar i 2016.*

**Sak 7. Kontaktperson for innmelding av landsprøver og teljande prøver for uttak til NM.**

**Vedtak:**

*Atle Arnesen er kontaktperson til NSG for innmelding av gjetarhundprøver.*

**Sak 8. Heimesida.**

**Vedtak:**

*Det er ynskjeleg med redigering slik at nyhende kjem først. Sida bør ha ei eiga fane for lokallaga med kontaktinfo.*

**Sak 9. Samordningsoppgåver mellom MRGL og lokallaga i 2016?**

Saka vart drøfta. Det vart ikkje framsett konkrete forslag til tiltak. Laga på Sunnmøre har den aktiviteten som medlemmane ser ut til å ha trong om. Om NRG ynskjer støtte frå fylkeslaget til å fornye dei formelle organisasjonsfunksjonane tek styrerepresentanten kontakt om dette.

**Sak 10. Ymsepost.**

Det kom ikkje fram tema som kravde formelle vedtak. Det er semje om at telefonmøte er ei effektiv og kostnadssparande møteform. Den er å føretrekke når sakene tillet det.

Atle Arnesen

leiar MRGL